

Samferdselsdepartementet
Postboks 8110 Dep

0030 Oslo

Leikanger, 22. oktober 2014

Førdepakken – status for KS2 Førdepakken

Vi syner til vårt brev av 17. august d.å. og dykkar tilsvar den 28. august d.å.

I brevet dykkar går det fram at de legg opp til så rask framdrift som mogleg både i KS2-arbeidet og etter at KS2 er avslutta.

I arbeidet vårt med å utforme ein bompengesøknad, arbeidde vi lokalt og regionalt saman med SVV for at vi skulle få ei snøgg og effektiv løysing av trafikkproblema i Førde. For å nå dette, vart det gjort eit omfattande planarbeid, halde folkemøte og ekstraordinært bystyremøte. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok nesten samrøystes å delta i finansieringa av pakken. Trass i ein krevjande fylkeskommunal økonomi, var det berre Frp som gjekk mot dette.

Målet var å få fremje søknaden for Stortinget i vår dersom KS2 ikkje skulle gjennomførast. SVV fekk søknaden medio desember. Vi ser av postjournalane at dei den 22. januar 2014 sende over eit brev til SD med tittelen «Ekstern kvalitetssikring av Førdepakka - prosjektbeskrivelse». Vi ser også at det gjekk fleire brev mellom desse både den 3.4., 12.5., 27.6. og den 8.7. med tilsvarande overskrifter.

Vi hadde drøftingar med statssekretær Aarset både den 25.2. og 27.3. før vi den 23.4. også fekk møte statssekretær Hoksrud saman med stortingsrepresentant Lødemel. Statssekretæren fortalde at det ville bli ein snarleg start av KS2-arbeidet. Framdriftsmessig meinte Hoksrud at det låg godt til rette - sjølv med KS2 - at saka ville bli fremja for Stortinget i haust. Eit eventuelt vedtak der ville så kunne komme seint i haustsesjonen.

Vi hadde tiltru til så klare utsegner, men vart etter kvart undrande til at vi ikkje høyrde noko og tok til att med purringar over ferien.

I førre veke, fekk vi melding om at Veritas framleis ikkje er starta opp , men venta på avklaring mellom FIN og SD.

Av regjeringserklæringa går det fram at ein skal bygge veg og jernbane raskare gjennom å redusere planleggingstida. «*Målsettingen vil være en halvering av tiden.*» Det er også seinast i statsbudsjettet lagt fram mål om at byråkratiet skal bli meir effektivt. Det er følgjeleg eit politisk mål å få saker snøggare fram og at byråkratiet samstundes skal arbeide smartare.

Vi merkar oss også at det i regjeringserklæringa heiter: «*Stortinget bør i fremtiden vedta nasjonale planer med mål, rammer, tiltak og finansiering, slik at fagetatene kan overta ansvaret for detaljer og gjennomføring.*» Vi er undrande til at arbeidet med å setje bort eit oppdrag til eit konsultentselskap kan vere så krevjande for to departement.

Vi er eit selskap som har arbeidd hardt og effektivt for å fremje ein søknad. Det har vore eit godt og positivt samspel med SVV. Søknaden har vore gjennom ein brei prosess i Førde kommune og nabokommunane. Sett bort frå eitt parti, har alle vedtak vore samrøystes. I søknaden er det lagt inn vedtak som gjer at vi er forplikta til å halde oss innanfor definerte økonomiske rammer.

Vi har halde våre tidsfristar og har stolt på at framdrifta sentralt vil vere på høgde med tidlegare regjeringar og at vi kan lite på det som blir sagt både politisk og administrativt.

Vi har derfor følgjande spørsmål til Samferdselsdepartementet:

1. Kva er årsaka til at det så langt er gått ni månader frå departementet har fått ein søknad frå SVV til eit eksternt firma kan setje i gong arbeidet med KS2?
2. Når forventar departementet at KS2 for Førdepakken vil bli ferdiggjort?
3. Når vil det eventuelt bli fremja ei sak for Stortinget om bompengar for Førdepakken?

Med vennleg helsing
Førdepakken AS

Oddvar Flæte
Styreleiar

Kopi
Stortingsbenken for Sogn og Fjordane
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane
Førde kommune
NRK Sogn og Fjordane
Firda